

PROTOKOLL

FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE BERGEN HF

Onsdag 3. oktober 2018 kl 08.00 blei det halde føretaksmøte i Helse Bergen HF på Sola Strand Hotel.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Tilleggsdokument til styringsdokument 2018

Frå Helse Vest RHF møte: Einar Strømsvåg, styreleiar

Frå styret møte: Svein Ingvar Gjedrem, styreleiar

Frå administrasjonen møte: administrerande direktør Eivind Hansen
Også tilstades: Herlof Nilssen, administrerande direktør Helse Vest RHF
Ivar Eriksen, eigardirektør Helse Vest RHF

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Einar Strømsvåg, med fullmakt til å utøve eigarmyndigheit på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen og spurde om det var merknadar til innkallinga.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Svein Gjedrem og Einar Strømsvåg blei valt til å underskrive protokollen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3 Tilleggsdokument til styringsdokument 2017

Styringsdokument for 2018 blei vedteke i føretaksmøte den 8. mars 2018. Som følge av mellom anna Stortingets behandling av Prop. 85 S (2017-2018), jf. Innst. 400 S (2017-2018), sender Helse Vest RHF ut eit tilleggsdokument til styringsdokumentet for 2018.


Tilleggsdokumentet inneheld krav knytt til alle dei tre hovudmåla i oppdragsdokumentet for 2018.

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Det skal rapporterast på alle tilleggskrava i årleg melding for 2018, om ikkje annan svarfrist er oppgitt.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet vedtek tilleggsdokument til styringsdokumentet for 2018.

 , den _____

Svein Ingvar Gjedrem

Stavanger , den 3/10-2018



Einar Strømsvåg